

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (lærarrommet), 3. oktober 2012, kl 19.00 – 22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Einar Ystevik, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Godkjenning av innkalling og referat etter styremøte 05.09.12.

Ingen merknad til innkalling eller referat.

Sak 2, Nye utleigeprisar for Herand skule.

Bygdelaget inviterte til møte 18. september for å drøfte eventuell auke/justering av satsar for leige av rom og areal ved skulen. Informasjonsskriv om nye satsar, gjeldande frå 01.01.2013, vert sendt ut til lag og organisasjonar i bygda. Skrivar lagar framlegg til informasjonsskriv.

Sak 3, Julemessa.

Julemessa vert arrangert laurdag 1. desember. Trivselsgruppa har ansvar for gjennomføring av messa. Paul Killingberg har ansvar for å skaffa og setja opp juletre i båthamna til 1. desember.

Sak 4, Stillasleige.

Stillaset som me har i bygda er ei felleseiga mellom bedehuset, grannahuset og bygdelaget. Styret i bygdelaget meiner dei som nyttar stillaset kan betala ein leigesum for bruken og har laga eit framlegg til leigeavtale og prislister som vil verte lagt fram for dei to andre eigarane.

Sak 5, Utleige av kontor.

For mogeleg utleige av kontorrom på skulen vil styret rydde og setja diverse ledige rom i stand (lærarrom, retterom og rektorkontor med kopi-/lagerrom). Sigmund Eiken, Einar Ystevik og Paul Killingberg har ansvar for oppryddinga.

Sak 6, Barnehagen.

Barnehagen er starta opp igjen frå 01.10.2012 som Herand Familiebarnehage. Leiar informerte styret om oppstart og ny samarbeidsavtale mellom Jondal kommune og Herand Bygdelag.

Sak 7, Sundagskaffi.

I samarbeid med andre lag i bygda ynskjer styret i Herand Bygdelag å starte opp med Sundagskaffi på skulen ein gong i månaden. Tanken er at ansvaret skal gå på omgang mellom diverse frivillige lag i bygda. Fyrste Sundagskaffi vert 4. november, sjå eige oppslag.

Sak 8, Eventuelt.

- a) Sigmund Eiken meiner me har diverse "ting" og utstyr på skulen som me ikkje lenger nyttar og gjorde i den samanheng framlegg om å arrangera auksjon og loppemarknad til inntekt for bygdelaget. Styret vil ta opp saka i neste styremøte, det vart sett ein førebels dato, 26.01.2013, for ein slik auksjon.

- b) Herand Bygdelag har tidlegare år ynskt nye innflyttarar velkomen til bygda ved å gi ei velkomstgåve. Styret meiner dette var eit positivt tiltak og vedtok å ta opp igjen denne ordninga.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.